



Ålfotbreen
verneområde

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde
Møtestad: Teams
Dato: 30.04.2026
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 9/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 10/26	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
ST 11/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og Ålfotbreen verneområdestyre - høyring - utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar		2024/18206
ST 12/26	Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen - planlegge felles studietur i 2026		2026/7867

ST 9/26 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 10/26 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2024/18206-4

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 24.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområde	12/26	30.04.2026
Ålfotbreen verneområde	11/26	30.04.2026

Naustdal-Gjengedal verneområde og Ålfotbreen verneområde - høyring - utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområde - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Utredning av alternativer for organisering av verneområdeforvaltere – Rapport frå Miljødirektoratet



- Brev om oppdraget frå Klima- og miljødepartementet

Bakgrunn

Ordninga med lokal forvaltning gjennom nasjonalpark- og verneområdestyre med tilhøyrande forvaltarar vart oppretta i 2010 og har sidan det vore den rådande modellen for forvaltning av nasjonalparkar og andre store verneområde. I dag har vi 49 nasjonalpark- og verneområdestyre i Noreg, og det er oppretta 69 forvaltarstillingar som skal arbeide for desse styra. Forvaltarstillingane er fordelt på alle dei 10 statsforvaltarembeta i landet, kor antal forvaltarar i kvart embete varierer frå 1 til 14.

Ordninga har vore evaluert ved eit par høve, først av Riksrevisjonen i 2014 og deretter av Nordlandsforskning m.fl. i 2021. Begge evalueringane konkluderer med at ordninga fungerer tilfredsstillande og i tråd med intensjonen, men peiker og på nokre utfordringar.

Gjennom om lag 15 år med ei noko fragmentert forvaltning og organisering av styre og forvaltarar har det opparbeida seg mykje erfaring. Erfaringane varierer, og tilbakemeldingar har tyda på at alt ikkje fungerer like godt over alt. Klima- og miljødepartementet har derfor bestemt at ordninga skal evaluerast og delegert det oppdraget til Miljødirektoratet. Oppdraget gjeld i hovudsak kven som skal ha arbeidsgjevaransvar for forvaltarane og korleis dei skal følgast opp fagleg og administrativt.

Miljødirektoratet sine vurderingar

I tråd med oppdraget frå KLD har Miljødirektoratet vurdert fire hovudalternativ for framtidig organisering:

1. Behalde dagens ordning i hovudsak, men gjere visse forbetringar
2. Samle arbeidsgjevaransvar hos eit fåtal statsforvaltarar
3. Samle arbeidsgjevaransvar hos Miljødirektoratet
4. Opprette ein eigen organisasjon for forvaltarane

I tillegg skulle direktoratet skildre dagens organisering med styrker og svakheiter, som då er definert som et null-alternativ utan endring.

Målet med ny eller endra organisering er å styrke forvaltninga av verneområda. For å få til det peikar departement og direktorat på behovet for heilskapleg forvaltning, klar rolleforståing, gode faglege nettverk, lik men samstundes fleksibel fordeling av personalressursar og god samhandling med relevante aktørar. Direktoratet har og lagt publikum sin tillit til forvaltninga og effektiv bruk av ressursane (økonomi) til grunn.

Konklusjonen til Miljødirektoratet er at dei anbefalar alternativ 2, å samle arbeidsgjevaransvar hos eit fåtal statsforvaltarar. Dei skisserer ein modell der fem embete får arbeidsgjevaransvar for mellom 10 og 19 forvaltarar. Alternativet inneber og ein del forbetringar og tilførsel av meir ressursar samanlikna med dagens organisering.



Miljødirektoratet omtalar og alternativ 1 ganske grundig, og her vert dei same forbetringane langt til grunn. Om ein les litt mellom linjene so kan det virke som at direktoratet har dette alternativet som ein god nummer 2. Alternativ 3 og 4 er meir kortfatta omtala. Begge dei alternativa har sine vesentlege fordeler, men og ganske store og utfordrande ulemper.

Eg går ikkje detaljert inn på vurderingane og alternativa her, det kan de lese i rapporten sjølve. Eg tek likevel med ein oversiktleg tabell det Miljødirektoratet har oppsummert og kvantifisert fordeler og ulemper med alternativa.

Tabell 4 - Oppsummering av vurderte virkninger for alternativ 1-4⁸

Endringspunkt til vurdering	0- alternativet/ dagens org.	Alt.1 Dagens org. med endringer	Alt. 2 - Fåfall embeter	Alt 3 - Miljødirektoratet	Alt. 4 - Egen org.
Gir mer lik organisering av forvalterne og styrker daglig ledelse	0	+	++	+++	+++
Styrker det faglig nettverket og bedre erfaringsdeling mellom forvaltere	0	+	++	+++	+++
Gir mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver	0	+	++	+++	+++
Gir bedre forhold for opplæring og veiledning for forvalterne og styrker kompetanse	0	+	++	+++	++
Tydligere rolleavklaring mellom aktørene i organisasjonsmodellen	0	++	++	0	+++
Tillit til verneområdeforvaltningen hos publikum	0	+	+	--	++
Økte forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere	0	+++	++	--	--
Ressursbehov sammenliknet med dagens ordning (kapasitet og budsjettmidler)	0	-	-	--	---



Forvaltar si vurdering

Først må eg presisere at forvaltarane sine synspunkt vert samla og spelt inn via Statsforvaltaren i Vestland. Mine personlege vurderingar skal derfor ikkje farge verneområdestyra sine høyringsfråsegner til rapporten. Eg vil likevel prøve å gjere greie for kva tilrådingane og alternativa vil seie for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og Ålfotbreen verneområdestyre.



Eg vil og presisere at eg som forvaltar og tilsett syns dagens ordning og organisering for min del har vore fullt ut tilfredsstillande. Men det er ein kjent sak at det ikkje har fungert eller fungerer like godt over alt. Det er og viktig å ha med seg at her er ein del geografiske og naturgjevne skilnader som kan skape utfordringar og at der til ei viss grad er ulike kulturar.

Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen har som kjent felles forvaltar med kontorstad på Sandane og tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland. Verken i alternativ 0, 1 og 2 vil dette endre seg. Vestland er eit av dei fem embeta som er peika ut som «verts-embete» for forvaltarar i det tilrådde alternativ 2. I det forslaget vil tal forvaltarar tilsett i embetet gå frå dagens 9 til 13. I alternativ 2 er det tilrådd å opprette ein eigen seksjonsleiar for forvaltarane som er tilsett i embetet, og ein vil truleg få ei noko tettare oppfølging med forvaltar og styra.

I alternativ 3 og 4 vil forvaltar få ny arbeidsgjevar og både forvaltar og styre får nye folk og instansar å samhandle med. Det er ikkje særleg detaljert skildra korleis dette skal eller kan organiserast.

I alle alternativ utanom 0, er det lagt opp til ei styrking av administrativ og fagleg leiing, og det er og lagt til grunn at arbeidsgjevar skal ha noko meir fleksibilitet til å flytte personellressursar mellom ulike styre/verneområde ved behov. Desse behova kan til dømes vere ved sjukmelding, permisjon, stort arbeidspress eller for å bruke spisskompetanse hjå forvaltarane der den trengs.

Alle alternativ utanom 0 legg opp til meir strukturert, systematisk og felles opplæring av nye forvaltarar gjennom innføring av «Forvaltarskulen». Det vert og lagt opp til å halde fram med nasjonale samlingar/konferansar for forvaltarane annankvart år (som i dag). I alternativ 3 og 4 vil denne typen samlingar truleg verte hyppigare, sidan den legg opp til same arbeidsgjevar for alle. I alle alternativ, inkludert 0, vil forvaltar framleis ha eit godt fagleg nettverk.

Alle alternativ har dedikert forvaltar tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen og alle alternativ vil gje nok ressursar til å utføre jobben som sekretær for styra, sakshandsamar og dei andre forvaltningsoppgåvene.

Miljødirektoratet har gjort nokre interessante vurderingar kring kva alternativ dei forventar vil gje mest tillit hos publikum. Dei er og klare på at alle alternativ utanom 0 vil krevje meir ressursar og derfor koste meir enn dagens praksis.



Arkivsaksnr: 2026/7867-1
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 24.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	13/26	30.04.2026
Ålfotbreen verneområdestyre	12/26	30.04.2026

Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen - planlegge felles studietur i 2026

Innstilling frå forvaltar

Styra konkretiserer detaljar for studietur for begge styra i 2026.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Saksopplysningar

Bakgrunn

Både Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og Ålfotbreen verneområdestyre har ønske om studietur i styreperioden, og då må det nesten skje no i 2026 dersom det skal vere noko poeng i. Begge styra har lagt det inn i budsjett og begge styra har ønske om å ha det no i år.



Det er mykje som taler for å ha ein felles studietur for begge styra. Mykje er likt og styra er ikkje større enn at det høver godt å slå saman. Det vil heller mest truleg vere ein fordel for både den faglege og sosiale dialogen å samle begge styra på same tur. Styra har dessutan omtrent like tankar om opplegg og tema for studieturen.

Tid

Det viktigaste no er å få sett av datoar i kalendaren. Etter det kan eg starte med konkret planlegging og å bestille hotell med meir. Det er krevjande å finne ledig tid til ein lang studietur over mange dagar. Samstundes bør ein studietur vere over ei viss lengde om det skal vere poeng i å reise på tur. Vi må minimum ha 2 overnattingar.



Forslag til tidspunkt:

- Vi kan få det til i slutten av juni (veke 26) eller kanskje over i juli (veke 27). Det er ei fin tid å reise på, men sjølvsagt langt i frå ideelt med tanke på ferie, slått, skuleslutt osv.
- Veke 34 (17.-19.august)
- Veke 39 (21.-25.september)
- Veke 40 (28.september-2.okotber) *begynner å bli litt vel seint?*

Stad

Det vi har snakka om til no er å reise nordover. Det er relevant å sjå og møte eit anna landskapsvernområde som har likskapstrekk med våre to område. Trollheimen kan vere eit slikt landskapsvernområde. Trollheimen har forvaltningsknutepunktet sitt i Rindal i Sør-Trøndelag. Her ligg dessutan den flotte DNT-hytta [Gjevilvasshytta](#) som er aktuell både for besøk og overnatting.

Dersom vi reiser nordover er det og veldig aktuelt å besøke det store forvaltningsknutepunktet og besøkssenteret på Hjerkin. Det er knutepunkt for fleire store nasjonalparkar med mykje besøk og dessutan besøkssenter for villrein og kontorstad for Norsk Villreinsenter.

Reisetid frå Sandane til Rindal er om lag 6 t 15 min, til Gjevilvasshytta 5 t 45 min og til Hjerkin 4 t 30 min. alle med bil.

Tema

Å fylle studieturen med innhald blir lettare å gjere når vi har satt dato og bestemt litt meir om kor vi skal reise. Det kjem og an på kva styra ønskjer å ha av tema på turen.

Spørsmål til diskusjon i styremøte:

- Kortid skal vi reise?
- Kor skal vi reise?
- Kva tema vil de inno?
- Korleis vil de reise og bu?